



Mykje godt restaureringsarbeid er allereie gjort, og no får ein altså midlar til å restaurere den gamle grindløa i Muldal.  
Foto: Frå søknaden til Kulturminnefondet.

## 400.000 kroner til restaure- ring av grindløe i Muldal

Gladmeldinga om at Kulturminnefondet har løyvd 400.000 kroner til grindløa fra 1500-tallet i Muldal i Fjord kommune, tikka inn akkurat i tide til å bli med i avisa denne veka.

Tilskotet frå Kulturminnefondet vert gjeve til mellom anna å reparere grindverket, reparere bjelkelag og leggje nytt golv i grindløa.

Gardane i Muldal kan sporast attende til 1500-talet og dei står enno. Ola Myklebost kjøpte Muldal i 2012 og ved overtakinga var det mye arbeid som stod føre. Sidan då har det blitt arbeidd jamt og trutt med restaurering.

Garden er ikkje bygd der han står no, men vart reist lenger inn i dalen. På grunn av stadig rasfare rundt førre århundreskifte, vart garden flytta. Faren var likevel ikkje over, for i 1992 drog nyttårsstormen med seg store delar av løa og tilbake stod ein grunnmur og eit stort hol i bygget. No skal det ordnast opp i, og Myklebost har søkt om støtte frå Kulturminnefondet for å kome i mål med arbeidet. Ein

erfaren tradisjonshandverkar er også kopla på i dette arbeidet.

– Ikkeberre erviglade i gjenbruk fordi vi tek vare på det opphavlege uttrykket, men også fordi vi sparar miljøet. Materialane er allereie henta ut, dermed kan det brukast på nytt, seier direktør i Kulturminnefondet, Simen Bjørgen.

– Vi har i dette prosjektet to samfunnsoppdrag som vi prøver å fullføre; gjenoppretting og ivaretaking av kulturlandskapet og ivaretaking av dei verneverdige bygningane. Det er allereie blitt lagt nytt tak med den gamle skiferen, den fuktige kjellaren er grave ut og innreia og det er rydda kratt og rot ute og inne. Også den gamle hagen er grave og rydda fram. Vi har sett opp nytt naust i Muldalsvika oppå den gamle grunnmuren. Det er også blitt sett opp turinformasjon og laga rasteplass. No skal tilskotet nyttast til å reparere grindverket, reparere og skifte bjelkelag, leggje nytt golv, forsterke raftestokkar og veggjar, reparere og skifte kledning og takkonstruksjon. Tilskotet vert

også gjeve til helikoptertransport av materialen over det vanskelige terrenget, seier Myklebost i ei pressemelding frå Kulturminnefondet.

Ola Myklebost har også vore med på å starte eit grunneigarlag for å forvalte for ferdsel, fiske og friluft i området.

– Dette er eit sjeldant kulturminne, for her har vi ein godt bevart gard frå eit halvt årtusen sidan, der vi tydeleg ser korleis drifta var ein gong i tida. I tillegg driv dei med kulturformidling, som er ein fin måte å drive gjenbruk av sjølve garden på når det ikkje lenger er gardsdrift, samtidig er det ei ny næring som er bra for lokalsamfunnet, seier Simen Bjørgen, direktør i Kulturminnefondet.

Når restaureringa er ferdig, er planen å drive småskala gardsaktivitet til glede for alle som vandrar forbi og ikke minst, for lokalsamfunnet.